



Årsmelding for Leikanger sokn 2024

I soknerådet har vore (frå november 2023):

Monica Sætre – leiar
Elin Kleppe Olsen – nestleiar
Wenche Årdal
Geir Jøsok
Monika Haanes Waagan
Kjell-Roger Isene (geistleg representant)
Vara: Kjell Arne Voldnes, Stig Magne Drage og Steffen Moltu

Wenche Årdal gjekk bort 29.12.24
Sig Magne Drage kom inn som fast medlem av soknerådet.

Representantar i Herøy kyrkjeleg fellesråd har vore:

Monica Sætre og Geir Jøsok
Vara: Elin Kleppe Olsen og Monika Haanes Waagan

Representant i styret for Leikanger kyrkjelydshus har vore:

Wenche Årdal.

Statistikk for Leikanger kyrkjelyd:

LEIKANGER SOKN	2024	2023	2022
Medlemmar Leikanger sokn	518	523	533
Tal døypte i Leikanger kyrkje	3	7	8
Tal konfirmerte	2	8	15
Tal vigslar	1	2	2
Tal gravferder	7	9	3
Gudstenester: tal / deltakarar / gj.sn. deltakarar	19 / 864 / 45	20 / 1222 / 61	26 / 1335 / 51
Familiegudstenester: tal / deltakarar / gj.sn. deltakarar	3 / 272 / 91	2 / 143 / 72	6 / 337 / 56
Konfirmasjonsgudst: tal / deltakarar / gj.sn. deltakarar	1 / 105 / 105	1 / 193 / 193	2 / 311 / 156
Julaftan deltakarar	84	102	64
Konsertar: tal / deltakarar / gj.sn. deltakarar	2 / 190 / 95	5 / 336 / 67	3 / 216 / 72
Offer totalt	43 895	72 176	60 591
Offer eiga verksemd	6 665	24 263	24 064
Fasteaksjon		7217	7333

Deltakartala i kyrkja viser dessverre ein nedgang frå 2022 til 2024. Det totale talet på deltakarar på gudstenestene fall frå 1335 i 2022 til 864 i 2024. Det gjennomsnittlege besøket per gudsteneste har gått ned med **11.8%** på to år, frå 51 i 2022 til 45 i 2024. Samtidig hadde familiegudstenestene auka gjennomsnittleg besøk, frå 56 i 2022 til 91 i 2024. Julaftansgudstenesta samla 84 deltakarar i 2024 mot 64 i 2022 og 102 i 2023. Talet på konsertar vart redusert frå 3 i 2022 til 2 i 2024, medan det gjennomsnittlege besøket auka frå 72 til 95. Elles kan vi merke oss ein svak nedgang i medlemstalet frå 533 i 2022 til 518 i 2024. Det var ei utmelding og ei innmelding i 2024.

Soknerådsmøte

Leikanger sokneråd har hatt 7 møte i 2024 og behandla 40 saker.
Det har vore eitt felles soknerådsmøte for alle sokna i Herøy.

Årsmøte

Det vart halde årsmøte i Leikanger kyrkje den 16.06.24.

Anna:

I tillegg til gudstenestene har Leikanger sokneråd hatt eitt arrangement : «Vi syng jula inn» den 15. desember. 30. november hadde Leikong blandakor førjulskonsert. Soknerådet har stilt opp som kyrkjevertar gjennom året, og det har vore servert kyrkjekaffi til dei fleste gudstenestene. 14. mai samarbeidde vi med Herøy Mållag om «Songgudsteneste – frå den nynorske salmeskatten».

Økonomi og rekneskap

Rekneskapen til Leikanger sokn for 2024 viser eit driftsresultat/mindreforbruk på 380,80 kroner.

Oversyn:

Driftsinntekter	64.091,85
Driftsutgifter	- 63.711,05
Netto driftsresultat	380,80
Bruk avsetninger	18.640,59
Avsetninger	18.640,59
Mindreforbruk	380,80
Disposisjonsfond per 31.12.24	40.838,61
Bundne driftsfond per 31.12.24	3.376,10

Leikanger sokn har ikkje egne tilsette. Dei som arbeider i soknet er tilsett i Herøy kyrkjeleg fellesråd.
Mykje av arbeidet i regi av soknet er gjort som frivillig arbeid og ved dugnad.

Leikanger sokneråd

1. april 2025